



**Årsmøtepapir
for
Årsmøtet
Tekna Sogn og Fjordane avdeling
12.februar 2022**



Saksliste for årsmøte i Tekna Sogn og Fjordane avdeling, 12.februar 2022 kl 16:00

- 1. Godkjenning av innkalling og dagsorden**
- 2. Val av ordstyrar, referent og to personar til å underteikne protokollen**
- 3. Årsmelding for 2021**
- 4. Rekneskap for 2021**
- 5. Handlingsplan for 2022**
- 6. Kontingent for 2023**
- 7. Budsjett for 2022**
- 8. Vedtektsendringar**
- 9. Evt. innmelde saker**
- 10. Val**



Årsmelding for Tekna Sogn og Fjordane avdeling

2021



Styret si årsmelding for 2021

Avdelingsleiaren har ordet

Tekna Sogn og Fjordane avdeling har hatt eit aktivt år trass covid19. Vi har eit godt og velfungerande styre, meiner eg. Der er erfaring, engasjement og mangfald. Og vi har god og nødvendig støtte frå distriktskontoret ved Ellen Hauge.

Naturlegvis har møta våre vore digitale. Vi har satsa på korte styremøte under timen på Teams ca ein gong i månaden. Det har fungert godt. Eg er uansett glad for at vi fekk til å samle styret fysisk til eit julemøte med god mat på Gloppen hotell. Også dei nasjonale møta er digitale. Dette tykkjer eg er glimrande! Fleire styremedlemmer har difor delteke. Berekraft har vore høgt på agendaen til Tekna, saman med digitalisering. Færre flyreiser og digitale møter er då og av det gode. Satsinga på digitale kurs og felles-aktivitetar med Tekna er ein suksess vi støttar opp om. Vi ønskjer likevel framover å arrangere eit par kurs-kveldar med gode innleiarar hjå oss og invitere til andre aktivitetar.

Samfunnsmidlar-ordninga til Tekna er ein stor ressurs for oss. Vi har brukt å søkje om midlar til det vi finn av gode føremål som støttar opp om vår handlingsplan. Sidan fysiske arrangement har vore vanskeleg i covid-perioden, så har vi diverre måtte takke nei til innvilga søknader i 2021 (som i 2020) for stand på Framtidsfylke sine messer (Bergen, Trondheim, Oslo) og på å vere medarrangør for Teknologifestivalen på Vestlandet, TexVest i Førde. Men vi er glade for at den store søknaden vår for 2021 vart gjennomført med suksess. Vi søkte i vår om 100 000 og stilte med 10 000 i eigeninnsats til installasjonar på det nye vitensenteret ViteMeir sitt Sophus Lie - område. Våre medlemmer vart invitert til opning og opningshelg med rabattar i november. Og vi fekk med presidenten i Tekna på vitjing til opninga. Eg fekk og vere med Lars Olav Grøvik på bedriftsbesøk til Lerum-fabrikken og vi besøkte Campus Sogndal. Det vart formidla på Tekna sine nettsider og «Aktuelt frå Tekna» i TU 11/21.

Dette gav meirsmak. I siste av to søknadsrunder i 2021 for prosjekt i 2022 søkte vi igjen om midlar. Då både til Framtidsfylke-messer og til nye installasjonar på ViteMeir. Vi tok hardt i og nær tredobla søknadssummen til installasjonar. Rett før jul fekk vi vite at søknadane vart innvilga! Det er ganske bra. No håpar eg årsmøte vil godkjenne budsjettet vi legg fram der nødvendig eigeninnsats er inkludert.



Øyvind Heimset Larsen
Leiar Tekna Sogn og Fjordane avdeling

Avdelinga

Tekna Sogn og Fjordane avdeling har eit ansvar for at foreninga sine aktivitetar vert oppretthaldne og utvikla lokalt. Avdelinga består av alle medlemmer av Tekna – Teknisk-naturvitskapeleg foreining i 24 av 26 tidlegare kommunar i Sogn og Fjordane fylke (Årdal har eigen avdeling og Hornindal har flytta til Tekna Ålesund).

Per 01.01.2022 hadde avdelinga 615 medlemmar, mot 586 året før. Det er ein medlemsvekst på 5 %. Det er bra! Avdelinga har hatt jamn vekst i medlemstal dei siste åra og har samarbeid godt med Tekna avdeling Årdal. Tekna hadde i 2021 en rekordhøg generell medlemsvekst blant ordinære medlemmer på 7.3 %. Over 93 tusen.

Tekna Sogn og Fjordane avdeling er 82 år og også i 2021 vart det jobba mykje med digitalisering. Tekna Sogn og Fjordane avdeling ønskjer å ha godt mangfald i leiiande organ.



Styre og tillitsvalde

Årsmøtet i Tekna Sogn og Fjordane avdeling for 2020 vart halde digitalt via Teams og GoPlenum den 18.02.2021. Dette var det første heildigitale årsmøte vi har gjennomført. Det vart nytt å sette seg inn i for nestleiar særleg og noko for leiar, men vi fekk i forkant delta på eit opplæringskurs og alt gjekk bra!

Styret i TEKNA Sogn og Fjordane avdeling har i 2020-2021 hatt følgande samansetnad:

Leiar:	Øyvind Heimset Larsen
Nestleiar:	Jannicke Holmseth Bukve
Kasserar:	Gaute Roska
Styremedlem:	Lars Laache
Styremedlem:	Beate Kvalsund
Styremedlem:	Merete Nerland
Revisor:	Dag Lothe
Valkomite-medlem:	Leif Gabriel Kapstad Eli Nummedal Silje Lunde Vassbotten

Styremøte

Det er i perioden frå forrige årsmøte halde 8 styremøte. Grunna korona og effektiv arbeidsform har alle møte utanom julemøte blitt gjennomført digitalt som videomøte. Det har vore godt oppmøte og effektiv gjennomføring. Ellen Hauge har vore observatør på dei fleste møta. Eit klassisk julemøte vart gjennomført på Gloppen hotell den 20.november. Dette vart ei fin oppleving og eit godt møte der vi evaluerte innsats og resultat gjennom året og såg framover.

Vi nyttar no Tekna sin Teams-plattform både til møte og som dokumenthanteringsystem for sikker og varig lagring av styredokument til ettertida, men har enno også tilgang på tekna.no.

Konklusjonen på vår eigenevaluering i julemøte er at styret fungerer godt og ser seg svært nøgd med eigen innsats og med utviklinga for Tekna Sogn og Fjordane avdeling og våre satsingar. Vi meiner måla i handlingsplanen er nådde og ønskjer å halde fram med eit fokus på det vi ser som kjerneaktivitetar. Der vil vi i liten grad legge opp til å binde styremedlemmar til stor dugnadsinnsats til dømes i konferansekomitear.

I år vedtok styret at styremedlemmane skulle tinge eit minimum representasjonsmateriell på Tekna sin nettbutikk. T-skjorte, skjorte samt valfrie produkt innanfor ei avgrensa ramme. Det er og tinga rollupp med ny Tekna-logo.

Aktivitetar i 2021

2021 vart diverre og eit annleis år grunna korona-pandemien. Eit mangfaldig styre i Tekna Sogn og Fjordane avdeling har likevel vore aktive.

På Avdelingsledermøtet i oktober 2020 blei det vedtatt at avdelingane skulle gå saman om å finansiere og gjennomføre felles digitale arrangement. I 2021 blei det gjennomført 12 slike digitale fellesarrangement med stor suksess. Totalt var det ca 20 000 deltakarar/påmeldingar på dei 12 arrangementa. Vi er med på spleiselaget for å vidareføre suksessen med ein liten sum og legg opp til å vidareføre dette i budsjettet for 2022. Dette opplever styret som ei særst verdifull investering for medlemmane våre. Det og digitalisering av sentrale samlingar i Tekna har vore positivt for deltaking og engasjement. Det er og berekraftig.

Tekna Sogn og Fjordane avdeling har hatt nye samtalar med Teknologifestivalen på Vestlandet og Framtidsfylke om å arrangere konferansar og bidra med stand på konferansar. Vi vart samde med Teknologifestivalen om kva aktiv rolle vi ønskte og kva type sesjon vi ville ta regien på, (Teknologi og rekruttering av kvinner). Vi søkte om samfunnsmidlar til å delfinansiere dette. Diverre vart det i år berre ein digital konferanse på hausten. Samfunnsmidlane vi søkte om og fekk tilslag på for 2021 sa vi frå oss. Slik som i 2020. Vi har ikkje sendt ein tredje søknad om samfunnsmidlar for Teknologikonferansen, men som ei oppfølging av årsmøtesak frå i forfjor om at vi måtte promotere oss meir, har vi vidareført samarbeid med Framtidsfylket. Vi søkte om og fekk 30 000 i samfunnsmidlar med 5000 i eigenfinansiering for stand og reise til messer i 2022.

Vi søkte i vår om 100 000 og stilte med 10 000 i eigeninnsats til installasjonar på det nye vitensenteret ViteMeir på Kaupanger sitt Sophus Lie -område. Søknaden vart innvilga og gjennomføringa ein suksess. Leiar og nestleiar følgde opp samarbeidet med ViteMeir med ei vitjing som ViteMeir laga nyhendesak på i oktober. ¹ Tekna vart og sponsor på nettsida til ViteMeir. Vi inngjekk så avtale slik at våre medlemmer vart invitert til opning og opningshelg med rabattar i november. Ellen Hauge bidrog sterkt i organiseringa. Og vi fekk med presidenten i Tekna på vitjing til opninga, etter at vi tok han på ordet då han sa at han ville vitje lokalavdelingane. President Lars Olav Grøvik var og på bedriftsbesøk til Lerum-fabrikken og besøkte Campus Sogndal og hadde møte med Institutt for natur og miljøvitskap og omvisning. Satsinga vart formidla på Tekna sine nettsider og «Aktuelt frå Tekna» i TU 11/21. ²

Samarbeidet gav meirsmak for oss. I andre søknadsrunde 2021 for prosjekt i 2022 søkte vi igjen om midlar til nye installasjonar på ViteMeir. Vi tok hardt i og nær tredobla søknadssummen. Vi søkte om 270 tusen med 30 tusen i eigeninnsats. Rett før jul fekk vi vite at søknadane vart innvilga! Utteljinga på våre søknadar har vore

¹ <https://www.vitemeir.no/aktuelt/tekna-sogn-og-fjordane-stttar-matematisk-leikerom-p-vitemeir>

² <https://www.tekna.no/aktuelt/tekna-bidrar-til-matematisk-lek/>

god. Etter det vi veit har ingen før søkt om so store samfunnsmidlar-prosjekt og fått det innvilga. Gjennomføring krev at årsmøte vil godkjenner budsjettet der eigeninnsats er inkludert. Både søknadsprosess og rapportering vert gjort i Teams.

Styret har jobba med andre arrangement. Vi vurderte Boble-samling på hausten, men vedtok at kurs hausten 2021, inkludert boble-samling, utgjekk då det digitale kurstilbodet er godt og dekkande, og avdelinga i tillegg skulle arrangere familiedag på ViteMeir. Sjølv om det har vore flott med digitale kurs så er det viktig for oss å arrangere fysiske møteplassar for våre medlemmar.

Aktivitet er formidla til medlemmer via Tekna sine kanalar e-post/sms og på avdelinga si Facebook-side (107 medlemmar per 19.01.2022. Forsiktig opp frå 88 i fjor).

Styret har oppretthaldt kontakten med Tekna Årdal, og har samarbeid ved å tilby deira medlemmar deltaking på ViteMeir- arrangementet.

Kurs og arrangement 2021

Deltaking på Sogn og Fjordane sine arrangement.

Årsmøte i Tekna Sogn og Fjordane avdeling	18.02.2021	19
Vitensshow med Andreas Wahl på ViteMeir	12.11.2021	21
Familiedag på ViteMeir	13.11.2021	42
Sogn og Fjordane avdeling tal deltakarar på arrangement		82

Avdelingenes digitale fellesarrangementer (totalt 19662)

Peiling på tur	29.11.2021 19:30	2621
Hjernen er stjernen!	26.01.2021 19:00	3552
Få bedre privatøkonomi	16.02.2021 19:00	2689
Mysteriet Norge - Harald Eia	09.03.2021 19:00	2846
Digital ølsmaking - Gustav Jørgensen	19.03.2021 19:00	872
Nettvett – bli smart på internett	12.04.2021 19:00	373
Fra drømmen om å lykkes til å oppnå sine konkrete mål - Johann Olav Koss	21.04.2021 19:00	1202
Peiling på vin med Ingvild Tennfjord	09.09.2021 19:30	1089
Cracking the Norwegian Code	27.09.2021 19:30	1227
Peiling på mennesket	12.10.2021 19:30	1305
Peiling på Bærekraft - Silvija Seres	25.10.2021 19:30	580
Peiling på mot	15.11.2021 19:30	1306

Sentrale møter

Dialogmøte med hovedstyret: 14. april kl.18. Leiar deltok. Alle styremedlemmer kunne delta.

Forberedende R-møte (førebuing til 12.-13.juni) vart halde 5.mai.Leiar og nestleiar deltok

Dato for R-møte: 11.-13.juni. Leiar deltok og styremedlemmer kunne følgje møtet.

Avdelingsledermøtet og Tekna Ung landssamling, fredag 15. og lørdag 16. oktober, Lillestrøm og digitalt. Leiar deltok digitalt.

Økonomi

Den økonomiske situasjonen i avdelinga er god og vi har fått svært store søknader om Samfunnsmidlar innvilga i år. Vi ønskjer å nytte våre ressursar som eigeninnsats i søknader om Samfunnsmidlar på tiltak som støttar handlingsplanen og kjem våre medlemmer til gode, samt på å arrangere attraktive årsmøte og samlingar for å styrke deltaking og vårt lokallags-demokrati.

REGNSKAP FOR SOGN OG FJORDANE AVDELING 2021

INNETEKTER	INNETEKTER
Avdelingskontingent	71 642,00
Eigenandel arrangement	2 200,00
Renter	218,00
Sum inntekter	74 060,00

KOSTNADER	KOSTNADER
Medlemsvekst og auka organisasjonsgrad	0
Auka rekruttering til Tekna-faga	30300
Attraktive faglege og sosiale nettverk	0
Aktive medlemmar, engasjerte frivillige og gode tillitsvalde	0
Relevant kompetanse for eit arbeidsliv i endring	743,18
Berekraftig samfunn	0
Trygge rammer i arbeidslivet	0
Drift av avdelinga, inkludert styremøte	35 593,70
Diverse kostnader	149,00
Bankgebyr	59,50
Sum kostnader	66 845,38
Resultat 2021	7 214,62
Bankbeholdning pr.31.12.2021	262 369,74



**Prioriterte oppgaver og budsjett
for
Tekna Sogn og Fjordane avdeling
2022**



Prioriterte oppgaver for 2022

Tekna Sogn og Fjordane avdeling har eit ansvar for at foreninga si aktivitet vert oppretthalde og utvikla i avdelinga.

Avdelinga sine prioriterte oppgaver baserer seg på Tekna sin overordna strategi Tekna 2024, Tekna sine foreningspolitiske mål og Tekna sitt verdigrunnlag.

Medlemsvekst og auka organisasjonsgrad

- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil profilere Tekna ved å delta på stand på Framtidsfylke sine arrangement.

Auka rekruttering til Tekna-fag

- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil profilere Tekna ved yrkesorientering på ungdomsskular/vidaregåande skular også ved å aktivere lokale medlemmar til å delta så langt korona tillet dette. Vi vil og profilere nasjonale realfagsdagar og Teknologifestival-arrangement og støtte opp om vitensenteret ViteMeir for å bidra til økt interesse i alle alderar.
- Støtte opp om relevant høgare utdanning i avdelingen sitt område.
- Fagskuleutdanning utover vidaregåande skule.

Aktive medlemmar, engasjerte frivillige og gode tillitsvalde

- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil arbeide for gode digitale og fysiske arrangement, kurs og flyt av informasjon til medlemane ved hjelp av eiga heimeside under Tekna.no, Facebook, bruk av e-post og SMS gjennom Tekna sentralt og distriktskontor.
- Arrangere årsmøte med overnatting på attraktive hotell eller digitalt om det er naudsynt.
- Regionalt avdelingssamarbeid. Samarbeide med Årdal avdeling i samband med ulike arrangement.

Attraktive faglege og sosiale nettverk og relevant kompetanse for eit arbeidsliv i endring

- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil være arrangør eller medarrangør av møter/ konferansar om aktuelle faglege og teknologiske saker
- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil arrangere medlemskurs i regi av Tekna Sogn og Fjordane avdeling og Tekna sentralt om det vert mogeleg.
- Arrangere bedriftsbesøk og sosiale samlingar om det vert mogeleg

Berekraftig samfunn og trygge rammer i næringslivet

- Sette dagsorden i viktige saker innanfor næringsutvikling, samferdsle og infrastruktur i fylket.

Budsjett for 2022

Budsjettet for 2022 er tilpassa avdelinga sine prioriterte oppgåver.

Inntekter	Budsjett 2022
Avdelingskontingent	73 000
Tilskot (søknader/sponsing)	30 000
Eigenandel arrangement	20 000
Renter	500
Sum inntekter	123 500
Kostnader	Budsjett 2022
Medlemsvekst og auka organisasjonsgrad	35 000
Auka rekruttering til Tekna-faga	30 000
Attraktive faglege og sosiale nettverk	0
Aktive medlemmar, engasjerte frivillige og gode tillitsvalde	60 000
Relevant kompetanse for eit arbeidsliv i endring	1 500
Berekraftig samfunn	0
Trygge rammer i arbeidslivet	0
Drift av avdelinga, inkludert styremøte	20 000
Diverse kostnader	50
Disponibelt	0
Sum kostnader	146 550
Budsjettert underskot for 2022	-23 050



Valnemnda sitt framlegg til val på årsmøtet i Tekna Sogn og Fjordane avdeling 12. februar

Styret har i 2021 hatt følgjande medlemmer:

Namn	Posisjon	Bustad	Status
Gaute Roska	Styremedlem	Førde	På val
Lars Laache	Styremedlem	Førde	Ikkje på val
Beate Kvalsund	Styremedlem	Sandane	På val
Merete Nerland	Styremedlem	Stad	På val
Jannicke Holmseth Bukve	Styremedlem	Sogndal	På val
Øyvind Heimset Larsen	Leiar	Sogndal	På val

Forslag til nytt styre for 2022:

Namn	Posisjon	Bustad	Framlegg
Knut Welle	Styremedlem	Førde	Nyval
Lars Laache	Styremedlem	Førde	Ikkje på val
Beate Kvalsund	Styremedlem	Sandane	Attval
Merete Nerland	Styremedlem	Stad	Attval
Jannicke Holmseth Bukve	Styremedlem	Sogndal	Attval
Øyvind Heimset Larsen	Leiar	Sogndal	Attval som leiar

Revisor

Dag Lothe – Attval

Valnemnd 2020

Eli Nummedal – Attval

Silje Lunde Vassbotten – Attval

Leif Gabriel Kapstad(Leiar valnemnd) – Attval